

# Stor og vellukka ME-konferanse

ME-konferanse Stryn vart denne veka arrangert for tredje gong, no på nett. Eit stort knippe fagfolk heldt føredrag frå Norge, Sverige og USA. Over 150 deltakrar frå fleire land følgde konferansen og ga svært gode tilbakemeldingar på nett underveis.

To dagar med biomedisinske føredrag kan ikkje gjenforteljast i korte avisartiklar. Men dei aller fleste studiane som vart omtalt er publiserte, og kan finnast for dei som er interesserte.

## Deltok frå USA

Frå USA deltok journalist og akademikar ved School of Public Health, University of California, Berkeley, David Tuller, som m.a. sette eit kritisk sokjelys på metodane i PACE-studien (ein studie som samanlikna ulike behandlingsmetodar som kognitiv åtferdsterapi mot ME og effekten av desse), og ein norsk studie av kognitiv åtferdsterapi kombinert med musikkterapi for kronisk utmatting etter Epstein-Barr-virus-infeksjon (kyssesjuke) hjå ungdom. Tuller vart følgt av ME-forskar, immunolog og professor i epidemiologi ved Columbia University, New York, Mady Horning. Ho tok føre seg forsking og funn for å stadfest ME/CFS som ein biologisk sjukdom, m.a. med spesielt fokus på immunsystemet og immundysfunksjonalitet.

## Stockholm og Uppsala

Björn Bragée er spesialist i anestesiologi/intensivbehandling og smertelindring ved Bragée klinikker i Stockholm. Han fortalte m.a. om sine funn og si forsking om hypermobilitet og ME, og forsking med m.a. funn av at inn-snevring i nakke/hjerne og auka



**DELTOK FRÅ USA:** ME-forskar, immunolog og professor i epidemiologi ved Columbia University, New York, Mady Horning. SKJERMDUMP FRÅ ME-KONFERANSE STRYN

hjernevæsketrykk kan vere vanleg ved ME/CFS.

– Det er nødvendig å bekrefte funna i fleire studium, understreka Bragée.

Nestemann ut var professor i analytisk kjemi og nevrokjemi ved Institutt for kjemi – biomedisinsk senter ved Uppsala Universitet, Jonas Bergquist, som tok føre seg molekylær diagnostisering og behandling av ME/CFS og forsking på Covid-19.

Både Bragée og Bergquist understreka at ME/CFS er ein nevrologisk sjukdom, men har multisystempåverknad, det vil seie at ein kan sjå verknaden mange stader og i mange funksjoner i kroppen.

## Energimetabolisme

Professor ved Institutt for Biomedisin, Universitet i Bergen, Karl Johan Tronstad, orienterte deretter om forsking omkring energimetabolisme, der målet er kartlegging av biologiske mekanismar bak ME/CFS.

Lege ved avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk ved Haukeland Universitetssjukehus, PhD-stipendiat ved Universitetet i

Bergen, Ingrid Gurvin Rekland og overlege ved avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk Haukeland universitetssjukehus, professor ved Universitetet i Bergen, Øystein Fluge tok m.a. føre seg tema omkring medikamentell behandling og biomarkørar ved ME/CFS. Haukeland har i mange år hatt fokus på ME-forskning, og gruppa på Haukeland jobbar tett med Karl Johan Tronstad si gruppe på UiB.

## Autoimmunitet og genetikk

Professor Ole Didrik Saugstad orienterte om ImmunoME-studien ved Oslo Universitetssykehus, ein studie om autoimmunitet og genetikk ved ME. Her stadfestar funna m.a. langt på veg at det er ein immuniell dysfunksjon ved ME. Doktorstipendiat Asgeir Lande skal disputere over emnet, og har fått mykje ros for arbeidet.

LIS-Lege og stipendiat ved UNN Harstad, Linn Christin Skeving, fortalte om forskningsprosjektet Fekal mikrobiota transplantasjon (overføring av tarmflora frå frisk donor til mottakar) der ME er ei av grup-

pene det vert forska på.

Seniorforskar ved Sintef, Avdeling Helse, prosjektlediar for «Tjenesten og MEg», Line Melby, tok føre seg tenestetilbod og tenestebehov og misforhold mellom tenestene ME-pasientar får og kva dei treng.

Forskar ved Fafo, Anne Kielland presenterte forskingsprosjektet «Tjenesten og MEg», som studerer den demografiske og sosioøkonomiske bakgrunnen til CFS/ME-pasientane og familiene deira, og korleis dei møter offentlege tenester.

## - Ikke sjeldan sjukdom

Professor i barnenevrologi ved Barneklinikken på Haukeland, Kristian Sommerfelt, fortalte om ME-forskning og prognosar hjå barn og unge - fallgruver og nytige strategiar under diagnostisering og oppfølging. Han snakka også om ei heilt ny undersøking om ME som ikkje er publisert enno.

– Ein av 200 har ME, sa Sommerfelt. – Dette er ikkje ein sjeldan sjukdom.

## GUNNHILD SINDRE

gunnhild.sindre@fjordingen.no



**DELTOK FRÅ UPPSALA:** Uppsala: Professor i analytisk kjemi og nevrokjemi, Jonas Bergquist. SKJERMDUMP



**MEDIKAMENTELL BEHANDLING:** Overlege og professor Øystein Fluge, tok m.a. føre seg tema omkring medikamentell behandling og biomarkørar ved ME/CFS. SKJERMDUMP



**FAFO-FORSKAR:** Forskar ved Fafo, Anne Kielland presenterte forskingsprosjektet «Tjenesten og MEg». SKJERMDUMP



**ROS:** Professor emeritus i pediatri og forskar ved Universitet i Oslo, Ola Didrik Saugstad, var ein av mange som rosa arbeidet med å få til ME-konferansen. SKJERMDUMP

## – Svært interessant

– Det har vore svært interessante føredrag på årets ME-konferanse, seier kommuneoverlege Marius Solbakken i Stryn. Han følgde nettkonferansen, og seier det er svært gledeleg å sjå at det blir gjort viktig forsking innan eit felt i medisinen ein veit for lite om pr. i dag.

– Vi ønskjer sterkt verktøy for å diagnostisere ME betre, men viktigst av alt: Meir kunnskap for å hjelpe og tilby behandling på ein best mogeleg måte. Som samfunnsmedisinar håpar eg også sterkt at vi kan finne utløsnande årsaker til ME, og sjå om desse kan førebyggast på samfunnsnivå eller behandlast før det gjev sjukdomsplager, seier Solbakken, som legg til:

– Det er ein veg vidare for å få betre kunnskap om alt dette, og



**KOMMUNEOVERLEGEN:** – Det har vore svært interessante føredrag på årets ME-konferanse.

det er meir, målretta forsking på ME. Dessverre tek det lengre tid enn vi skulle ønske, då vi har hatt behov for meir kunnskap om ME i lang tid allereie.

## – Behov for oppdatert kunnskap

Ergoterapeut Anita Skarstein fra Stryn kommune seier fagkonferansen om ME er eit viktig bidrag til kunnskapsauke for helsepersonell.

– Det har vore to interessante og spennande fagkonferansedagar der vi har fått eit innblikk i oppdatert ME-forskning innan årsak, biomarkørar og behandling av ME, seier Anita Skarstein til Fjordingen. Brukaropplevelingar som vart presenterte gjorde spesielt inntrykk.

– Foredraget som gav eit lite innblikk i opplevelingane til dei ME-råka, «Tjenesten og MEg», traff meg litt ekstra. I denne



**DELTOK:** Anita Skarstein, ergoterapeut, var ein av fleire frå Stryn kommune som deltok på ME-konferansen.

studien har dei sett på behovet til dei ME-råka, og opplevinga dei har med helsevesenet, seier ergotera-

peuten. – Mismatchen mellom behov og tilbod er dessverre alt for stor.

Ho legg til at som dei fleste føredragshaldarane poengterte, og som alle ME-råka er opptekne av, er det behov for at helsepersonell har oppdatert kunnskap.

– For å kunne møte den ME-råka med respekt og forståing, og for at vi skal klare å tilpasse oss behova deira. ME-konferansen er eit viktig bidrag i denne kunnskapsauken, seier Skarstein.

– Så takk til Agnetha Skrede og familien for at dei har brukt tid og energi på å arrangere den tredje ME-konferansen i Stryn.

**GUNNHILD SINDRE**  
gunnhild.sindre@fjordingen.no